



Sunnfjord kommune

Utviklingsarbeid i Sunnfjord kulturskule

- slump eller systematikk?

Vi er Sunnfjord kulturskule

Eit kulturelt kraftsenter med eleven i sentrum.
Ein møteplass for å oppleve, skape og dele.
Målet vårt er å gje opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet.
Ein skule som bidrar til eleven si danning.



Vi er lærarar som

- viser tillit, venlegheit og respekt
- er tydelege og trygge
- har kjærleik til kunsten og faga våre
- legg vekt på god kunstnarleg kvalitet
- driv pedagogisk utviklingsarbeid
- er godt førebudde til undervisninga

Eleven er

- unik, utforskande og nyfiken
- fødd med draumar og kreativitet, som kan utviklast gjennom opplæring
- venleg og høfleg



Føresette er

- engasjerte og positive støttespelarar
- svært viktige for motivasjonen og læringsutbyttet til eleven
- læraren sin dialogpartner



Vi vil

- skape trygge rammer for eleven
- ta utgangspunkt i det som bur i kvar elev
- vere inkluderande
- forvalte ein rik tradisjon, samt vere opne og nyskapande
- at elevane våre skal få lære, oppleve, skape og formidle kunst og kultur gjennom eigen aktivitet og i fellesskap med andre



Sunnfjord kommune
KULTURSKULEN



Veiledning 2016-18

Nordea-prosjekt



Nytt kulturskulebygg ferdig februar 2020





Kulturbarn-
kommune

Jan Spurkeland og Marit Onshuus Lysebo



Relasjonskompetanse
i skolen



Lokal læreplan

Tverrfløyte

Kjernetilbod



Sunnfjord kommune
KULTURSKULEN

Velkomen

Læreplanen beskriv innhald og mål for undervisninga ved Sunnfjord kulturskule. Planen set mål for dei ulike stadia i eit undervisningsforløp, men kor lenge den enkelte elev brukar på dei ulike stadia er ikkje tidsbestemt. Utvikling innafor kunstfaga er individuelt og utvikling vil vere høgst ulikt frå elev til elev. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. Opplæringa skal bidra til danning av born og unge, fremje respekt for andre sin kultur, bevisstgjere eigen identitet, utvikle kritisk refleksjon og utvikle eigen livskompetanse. Skulen har ingen eksamen eller prøver som avgjer om elevar får fortsette på kulturskolen, men skulen forventar at den enkelte elev følgjer opp undervisninga og er førebudd til timane. Nokre elevar vel å satse vidare på musikk/dans/drama på vidaregåande og deretter høgare kunstutdanning, medan dei fleste er innom kulturskolen for å ha ein fritidsaktivitet.

Trude Skarvatun
Trude Skarvatun
rektor ved Sunnfjord kulturskule

Innhald

Introduksjon s. 4	Fase 1 mål og innhald	s. 12
Overordna mål s. 7	Fase 2 mål og innhald	s. 14
Organisering s. 8	Fase 3 mål og innhald	s. 18

Overordna mål

Gjennom arbeidet skal eleven

- Utvikle og utøve musikkglede
- Ta del i kunstnariske samanhengar
- Uttrykke seg sjolv, finne si sjolvstendige stemme og sin eigen klang
- Oppleve meistringsglede og positiv sjolvutvikling
- Dyrke lagånd via samspel og samarbeid
- Oppnå gode ferdigheiter på instrumentet
- Bli ein ressursperson som kan bidra til eit levande kulturliv
- Få moglegheit til fordjuping som kan danne grunnlaget for vidare musikkutdanning

Organisering


Undervisninga foregår ved Sunnfjord kulturskule, og ein har som hovudregel 20 minutt undervisningstid. Elevar som syner god innsats over tid kan i samråd med lærar få 30 eller 40 min undervisningstid. Ein elev i fase tre skal ha utvida undervisningstid. Alle elevar høyrer til i ei samspelsgruppe, og med jamne mellomrom byttast enkeltundervisning ut med samspelstidplan.

Breiddeprogram fløyte

Breiddetilbod på fløyte er Kulturkarusell og Korps i skulen, og for desse tilboda finst eigne generelle fagplanar.

Kjernerprogram fløyte

Opplæringa delast inn i tre fasar. Det finst ingen fasit på kor lenge ein er i kvar fase, og ein elev kan vere i fleire fasar samstundes fordi folk har ulike styrkar og utviklar seg heilt individuelt.



Læreplanen er utarbeida av kulturskulen i Sunnfjord kommune



Sunnfjord
kommune
KULTURSKULEN

Du finn alle våre læreplanar på vår webside www.sunnfjordkulturskule.no.
Kontakt oss gjerne ved spørsmål.

Sunnfjord kulturskule
Besøksadresse: Arngedalvegen 5, 6800 Førde (mellom Førde Ungdomsskule og Førdehuset)
Postadresse: Sunnfjord kommune, kulturskulen, pb. 338, 6802 Førde
Telefon: 57612810/ 41505970
E-post: kulturskulen@sunnfjord.kommune.no
Web: www.sunnfjordkulturskule.no

Fase 1

Mål:

- Elev og lærar vert kjende med kvarandre, læraren skapar ein trygg arena for læring.
- Etablere ein stabil toneproduksjon
- Kunne herme enkle rytmer
- Innarbeide gode overutiner
- Kjenne att enkle nedskrivne rytmer
- Kunne lese tonane i melodiane ein spelar
- Vere med på konsertar, gjerne "Min første huskonsert"
- Lære å halde fløyta på ein god måte

Innhald og utstyr fase 1:

I fase 1 gjer ein seg kjend med instrumentet. Vi lærer korleis ein skal setje saman fløyta, halde den, vedlikehalde og legge den trygt frå seg. Avhengig av alder m.m. startar ein gjerne med minifløyte (Yamaha fife) først, og går over til "storfløyte" når læraren ser at ein er klar.

Vi brukar evt. hjelpemiddelet Pneumo pro, (blåsevlite) for å visualisere luftstraumen og få sunn blåseteknikk. Vi brukar spegel for å kontrollere haldning, munnstilling m.m. Eleven treng notestativ inntilt i rett høgde for å ha ei sunn arbeidstilling.

Eleven lærer oppvarming av kroppen og oppvarming på instrumentet som forebuing til spelning, og heilt frå starten arbeider vi med rytme, klang og puls ved hjelp av imitasjon og lek. Notelesing lærast parallelt med grepa, og toneomfanget vekst gradvis frå enkle melodiar med to-tre tonar til melodiar med større spenn. Eleven lærer å bruke tunga til å starte tonen (ansatz), og vert introdusert for dynamikk; Å spele sterkt og svakt. Enkel musikkteori vert nytta praktisk, og eleven lærer om forteikn, taktartar og enkel notasjon for dynamikk. Lærar lagar tilpassa samspelsituasjonar, og eleven kan gjerne delta på "Min første huskonsert".

Foresette må skaffe notestativ og evt. lærebok etter avtale med lærar, resten av utstyret kan lånast eller leigast frå kulturskulen.

Læremateriell kan vere Min egen fløyteskole, Fløyten & jag, Spill, Midt i blinken, Blåbus, Fløjt.nu, The fife book, Vi spiller fløyte, Jeg spiller det jeg hører, Flute 101, Blocki flute method m.fl.

Fase 2

Mål:

- Utvikle ein vakker, personleg klang
- Arbeide med intonasjon; å stemme fløyta og treffe heilt nøyaktig tonehøgde
- Utvide toneomfang til å meiste oktavering godt
- Spele skalær i fleire toneartar
- Øve på enkel prima vista-speling
- Spele skalær i alle toneartar og dynamikk
- Bli introdusert for dobbelttunge
- Ta del i kreative prosessar rundt framføringar
- Opptre på konsertar
- Planlegge frasar og ta gode innpustar
- Kunne sjte og stå føremålstenleg når ein over heime, spelar samspel og på konsertar

Fase 3

Mål:

Sjolv om ferdigheitsmåla ser strammare ut, er intensjonen at eleven med ferdigheitene sine i søkken vert friare til å uttrykke seg sjolv og skape sin eigen veg.

- Lytte til, glede seg og reflektere over mange typar musikk
- Å kunne variere klangen, og dermed fargelegge musikken
- Navigere trygt også i ytterkantane av toneomfanget; Dei djupaste og lysaste tonane.
- Lære blåseteknikk for å justere intonasjon i alle register
- Meistre dobbelttunge
- Arbeide med etydar i tillegg til solostoff
- Spele skalær i alle toneartar og oktavar
- Kunne arbeide sjolvstendig med å ferdiggjere musikkstykke til framføringar
- Opparbeide eit variert, men tilpassa repertoar
- Spele fleire konsertar
- Dersom eleven ønsker å studere musikk vidare, skal kulturskulen kunne rüste han/henne til det.

Innhald fase 3:

I fase 3 er eleven blitt meir sjolvstendig, og meistar mykje på eiga hand.

Å lytte til og gjere seg kjend med standardrepertoar er ein del av opplæringa, og å oppdage nye komponistar, verk og moglegheiter er eit læraransvar, men eleven kan bidra og involverast.

Eleven får tilpassa opplegg frå lærar for å styrke og vidareutvikle ein personleg klang, men framleis blåse på ein sunn måte. Vi fortset med skalær, artikulasjon og fingerteknikk i heile toneregisteret, og spelar også med orgelpunkt eller "drone" for intonasjon. Etydar er ein god miks av teknikk og musikk i korte lengder, der ulike fokusområde som t.d. artikulasjon, frasering, kjensskap til alle toneartar m.m. jobbast målretta med. Å kommunisere med publikum både via musikken og å framføre korte munnlege introduksjonar er ein del av det å bli ein god utøvar. Eleven kan i større grad ta ansvar i samspel, og arbeide inn stoff saman med medelevar utan at læraren styrer prosessen. Dersom eleven syner interesse, kan han/ho sjolv tilpassa, komponere og arrangere musikk.

Læremateriell kan vere Vi spiller fløyte 4, Jeg spiller det jeg hører 4, Flute 103, Blocki flute method 3, Fløyten og jeg 4 m.fl. Taffanel-Gaubert daglege øvingar, Moysse daglege øvingar, etydar frå Krullebol, Köhler, Berbiguer, Altes, Popp m.m.

Solorepertoar plukkast i fellesskap, tilpassa nivå og behov.

Vurdering:

Eleven skal få konkrete tilbakemeldingar frå læraren gjennom skuleåret som bidreg til progresjon og utvikling. Læraren skal gje nivåtilpassa og individuell tilbakemelding, men eleven skal også vurdere og reflektere over eiga utvikling. På elevsamtale skal eleven vurdere utviklinga si ilag med lærar og føresette.

KulVFL – Kulturskulebasert vurdering for læring



Kulturskule 3.0 forpilot





Kulturskule 3.0 pilot

SYSTEMATIKK?

Slump?



Takk for meg!